

Vekeplan 5. trinn veke 35

Vekas beskjeder:

Då er me i gang, og har hatt ei god lita veke her. Har starta litt med "bli-kjent"-samtaler. Satser på å nå over alle i løpet av veka. På fredager kjører me "vekeslutt", som er det same som målprøve der elevane får vist litt om kva ein har lært i løpet av veka. I den timen vil me også gå innom biblioteket, og ha ein "vekenytt" test, der elevane vil verta testa litt i det som har skjedd den veka. På skulen vil me også prøva å sjå supernytt ein gong i løpet av skuledagen kvar dag.

Når det gjelder lekser, så har eg lagt til nokre "vekelekser". Det vil sei at eleven sjølv vel kvar tid ein gjer lekser, men at den skal vera gjort før fredag.

Kvar onsdag har me noko som me kallar for "Grep of the week". Der vil ein ting bli presantert for elevane. Det vil alltid vera eit hint på vekeplanen, der de som foreldre, også kan vera med. Sist veka "grep" var vannsklier, og då snakke me litt om Havanna Badeland. Der har de kanskje noko å snakka om heime 😊

Så har læreplanleggeren min dette året med seg eit sitat for kvar veke. Så tenker eg kjem til å prøve meg med å ha eit sitat for kvar veke på vekeplanen. Me kjem til å snakke litt om kva det betyr kvar mandag. Men tenker at det også er noko som det er fint å snakke om heime.

På torsdag skal me på skulen ha ein "bli kjent"-dag. Då kan elevane ha med grillmat.

NB! Ta med gymklede til gym på fredag.

NB! Lurt med litt klede som er greie å bevege seg i på torsdager.

Mål me arbeidar med

Sosialt mål	Eg kjem raskt i gang med skulearbeidet.
Norsk	Eg bruker SALTO sine lesetriks medan eg les. Eg kan skrive øveorda.
Matte	Eg kan finne verdien til kvart siffer i store tal.
Samfunnsfag	Eg veit litt kva kunnskap er.
Engelsk	I know how to be kind to others
Naturfag	Eg kan tenke litt som ein forskar.

Vekas sitat:

**Ingen er verdiløse i denne verden hvis han kan lette den`s byrder for noen.
(Charles Dickens)**

**"Grep og the week"-hint:
Nebb, men ikkje fjør**

På måndag	På tysdag	På onsdag	På torsdag
Norsk: Finn fram den lilla lekseboka i norsk. Før du begynner å lese teksten, les du det som står i margen. Følg det medan du les teksten første gong for deg sjølv. Dei to neste gongene les du høgt for ein vaksen. Gjer dei tilhøyrande oppgåvene. Skriv fint! Hugs stor forbokstav.	Naturfag: Les s. 8-9 i naturfagsboka. Les tre gonger, der minst ei gong er høgt for ein vaksen. I teksten får du lest om nokre ting ein kan testa ut for kva som er gale, viss ei lampa ikkje verkar. I skriveboka di skriv du tre forslag til kva som er gale, viss bestefar sin mobil ikkje verkar.	Norsk: Les teksten om Ramses i lilla bok ein gong for deg sjølv og to gonger høgt for ein vaksen. Gjer dei tilhøyrande oppgåvene. Skriv fint og hugs stor forbokstav. Lever boka. NB! Torsdagstest	Norsk: Les s. 8-10 i Salto for deg sjølv. Forklar så til ein vaksen kva du las.
Vekelekser: Legg "bræe"/omslag på lesebøkene ein har fått. Matematikk: Arbeidsark			

Øveord: Desse skal du kune skrive på torsdagstesten

resepsjonssjef – nysgjerrig – ærverdig – påliteleg – samarbeidspartnar – forskjellig